



## Notat

Dato: 07.06.2018  
Arkivsak: 2018/11004-6  
Saksbehandlar: jomragn

---

**Til:** Liz Eva Tøllefsen

---

**Frå:** Jomar Ragnhildstveit

---

### Masseforvaltning og haustbare artar i kpa Kvam 2018-2030

#### Massedeponi

I dokumentet Planomtale, kapittel 4.10 (Massedeponi), går det fram at overskotsmassar av stein frå store infrastrukturtiltak er nytta som fyllmasse fleire stader i kommunen for å opparbeide areal til ulike bruks- og byggjeformål. Det går også fram at det er tenkt å bruke overskotsmassar frå komande infrastrukturtiltak til fleire slike samfunnsnyttige bruksformål. Massedeponi er også tema i forslag til planprogram Fv. 7 Tokagjelet.

I store delar av kommunen tilseier berggrunnen at overskotsmassane ikkje kan brukast til så mykje anna enn slike fyllmassar. Unntak er områda nordaustover frå Fyksesund og på Ljones, der berggrunnen kan gje overskotsmassar som kanskje kan vidareforedlast til meir høgverdige byggjeråstoff av pukk og grus.

#### Råstoffutvinning

I planomtalen av dei ulike arealkategoriene er det under kapittel 5.1 (Bygg og anlegg, pbl § 11-7 pkt 1), omtalt at det ikkje er sett av nye område til råstoffutvinning i planen. Dei tre områda som er regulert til råstoffutvinning i kommunen gjeld uttak av naturstein, blant anna Haukeli-lokaliteten (RU2), som er nemnt i teksten. Skrotstein frå slike uttak kan vere eigna som «fyllmassar».

Det følgjer av plan- og bygningslova (§ 11-7) at kommuneplanen sin arealdel i nødvendig utstrekning skal vise areal for råstoffutvinning, noko som også må omfatte byggjeråstoffa pukk og grus. I dei nasjonale forventningane til regional og lokal planlegging (2015) er det forventa at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff skal sjåast i ein regional samanheng.

Det går ikkje fram av planforslaget korleis behovet for byggjeråstoffa pukk og grus - som det trengs relativt mykje av - er tenkt dekkja i kommunen. Fleire og fleire kommunar ser ut til å setje masseforvaltning av stein- og jordmassar og gjenbruk av slike massar på dagsorden, som eit meir heilskapleg plantema, noko ein nok vil sjå meir av i åra framover mot overgangen til lågutsleppssamfunnet.

#### Samla konsekvensar av planforslaget (kapittel 4.11)

##### **Miljø og klima**

##### *Naturmangfald – spesielt haustbare viltartar*

Fylkeskommunen har i oppgåve å sikre bestandane av dei haustbare artane av vilt og innlandsfisk, og har som planmyndigheit ei viktig rolle i å ta vare på artane sine leveområde.

Kunnskapsgrunnlaget og vurderingane som er lagt til grunn i planframlegget synest å vere tilstrekkeleg i forhold til naturinngrepa på dette planstadiet. Fylkesrådmannen har ikkje spesielle merknader til planforslaget i forhold til haustbare artar.